



Her er flytebyggja tenkt lagt.

16. desember blir det ein ny runde i forvaltningskomiteen om den 2 X 4 meter store flytebyggja som Solfrid Eik ynskjer å leggja ut i Uskedalen og som skal nyttast til båtfeste og bading.

Saka var oppe første gong i september og rådmannen hadde då negativ innstilling. Komiteen gjekk for innstillinga med 5 mot 4 røyster. Mindretalet ville gje løyve som omsøkt.

Stian Skarveland klagar no på dette vedtaket.

Rådmannen legg fram saka på nytt, med same innstilling og saksutgreiing.

Innstillinga går ut på at det ikkje skal gjevast dispensasjon frå arealføremålet LNF om forbod mot byggjing i strandsona.

Avslaget er heimla i plan- og bygningslovens paragraf 7 då det etter rådmannen si meining ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova.

Administrasjonen visar til at søkjaren frå før har kaianlegg som bør stetta trongen for båtfeste.

Sjølv om administrasjonen meiner at flytebyggja kan nyttast av ålmenta til friluftsføremål, vil slike tiltak føre til auka privatisering i strandsona.

Klagaren hevdar at kaien ikkje vil ha privatiserande effekt, men at den vil gjera det lettare for ålmenta å ta området i bruk til bading, fiske med meir.

Det vert og frå klagaren si side peika på at kystverket ikkje har kommentarar til tiltaket.

Av Ola Matti Mathisen